

## LEDIG HUSVÆRE PÅ BREIDOKK

Når husvære blir ledig er det fint å få det avertert snarast for det blir ei tid med saksgang og taksering m.m.

Greitt å bruke annonser som det er mal på frå før.

Det er høve for medlemmer i DES-Gol å søkja. Tildelt etter ansienitet (dato for påmelding i DES-Gol). Bebuarar i burettslaget har forkjøpsrett. Då blir deira ledig. Så må det stå om det er husvære med 1 eller 2 soverom.

Søknadsfrist t.d. 14 dagar.

Saksgangen etter at kontor hjå rekneskapsfører har samla søknader er tildelingsmøte i styra i DES-Gol og Breidokk Burettslag. Der har me medlemslistene og ser etter at søkjarane blir sett opp i rekkjefølge etter ansienitet. (Om det er forkjøpsrett så gjeld den for dato innfløtt i burettslaget). Dette blir sendt tilbake til kontoret.

Søkjarane får melding om tildelinga og 1. søkjar får 14 dagar frist til å takke ja.

Alle søkjarane må få melding om tildelinga over nett eller tlf. (brev)

Rekneskapsfører eller kontor hjå han, ordnar med godkjent takstmann og sal og kjøp.

Om ikkje fyrste søkjar tek husværet så går det til nestemann. (Eg likte før at søkjarane fekk sjå rekkjefølga som søkte så dei var klar overl kor dei stod. )

Er det to eller fleire husvære ledig så står det i annonsa og storleiken på dei. (1 eller soverom.)

Tildelinga har då vore at 1. mann har fått velja husvære, så neste o.s.v.

Dei som får husvære får med seg dokument t.d. Vedtekter, ordensreglement, anna papir kontoret har til husværa til kvar ny bebuar.

Det er fint om søkjarane får melding om korleis stoda er når tildeling og samtykke er i orden. Dei ventar på svar på korleis søknaden deira står. Får dei ikkje noko svar så blir det missnøye.

Dette eg har satt opp her vil lette for oss alle som er i saksgangen i dag. Og det er slik me har praktisert det før.

Mvh

Bjørg Møllerplass